

Fra: Geir Røssland [<mailto:gero@fitjar.kommune.no>]

Sendt: 13. april 2015 17:33

Til: Oddvin Øvernes

Emne: SV: Langøy i Fitjar.

Hei, og sjølv takk!

Fitjar kommune si formelle rolle ved eit eigarskifte er å handsama konsesjonssøknaden. Her vert det lagt til grunn at Langøya etter gjeldande kommuneplan er omfatta av Omsynssone kjerneområde kystlynghei og kystgardar og av Omsynssone bevaring naturmiljø.

Førstnemnde inneber drift og skjøtsel av kulturlandskapet, anten i eigen regi eller ved utleige. Vedlikehald av bygningar går også inn under dette omsynet. Som du sjølv nemner, er beiting og lyngbrenning viktige tiltak i skjøtselsarbeidet. Det er sau på Langøy allereie, etter avtale mellom dagens eigar og ein av sauehalarane i distriktet.

Bevaring av naturmiljø stiller som vilkår at bygningar vert vedlikehaldne i samsvar med antikvariske prinsipp, og at større tiltak skal vera avklart med kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor ser ikkje at det skal vera noko til hinder for å kombinera desse omsyna med å nytta Langøya til friluftsføremål.

Av bygningar er det våningshuset og ei notabu som står att (i tillegg til murar frå andre bygningar). Båe desse bør på kort sikt sikrast mot vidare forfall. For våningshuset sin del handlar dette primært om hindra taklekkasjar.

Kommunen kan gje råd om drift og skjøtsel og andre tilhøve som gjeld eigedommen.

Med vennleg helsing

Geir Røssland

Dagleg leiar Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor

Tlf 918 25 027 / 948 25 346

Fra: Oddvin Øvernes [<mailto:oddvin@frivest.no>]

Sendt: 13. april 2015 14:11

Til: Geir Røssland

Emne: VS: Langøy i Fitjar.

Hei!

Takk for hyggjeleg tlf.samtal. Friluftsrådet Vest vil søkje om statlege sikringsmidlar til å kjøpe Langøya til friluftsføremål. Me tar og sikte på å sikre dei mest verdfulle bygningane mot vidare forfall. Kan eg få ei kort vurdering av korleis Fitjar kommune vurderer dette initiativet? Me tar og sikte på å samarbeide med lokale lag og foreningar for å skape aktivitet og ta vare på det unike kystlandskapet på Langøya. Beiting med villsau og lyngbrenning er viktige tiltak i skjøtselsarbeidet.
Ber om ett snarleg svar.

Med vennlig hilsen

Friluftsrådet Vest

Oddvin Øvernes